



Posen med hundeskitt ligg langs veggen gjennom sentrum.

Vi har før på nettsida skrive om hundeskitt i byggefelt, langs turvegane og fylkesvegen gjennom sentrum. Ei hending i går syner at nokre enno ikkje tek dette problemet på alvor. Uskedal utvikling føl opp saka og vil etterkvart namngje dei hundeeigarane som ikkje skjønar at slik vil vi ikkje ha det i Uskedalen.

Ein hus- og hageeigar i sentrum ser ein person koma med fleire hundar på gangvegen. Han let eine hunden gå inn i hagen hans for å skita. Avføringa ligg att og hundeeigaren går vidare. Mannen vert ropt på og gjort merksam på at slik framferd vil han ikkje ha. Mannen går attende og plukkar opp hundeskitten. Seinare på dagen ser vi at skiten litt i pose på vegkanten.

Nok er nok. Dersom du har hund, må du sjølv ta ansvar for det som føl med. Det gjeld både bandtvang og problemet med avføring. Vi ventar betring straks. Å koma på nettsida med hund og hundeskitt er ikkje ei god oppleving.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal